



Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Kontakt saksbehandler

Marita Skorpe Falnes, 51568894

Uttale til høring av inndeling av Utsira Nord og Sørliche Nordsjø II utlysingsområder for fornybar energi til havs

Me syner til høyring av forslag til inndeling av Utsira nord og Sørliche Nordsjø II i utlysingsområde for fornybar energiproduksjon til havs.

Bakgrunn for saka

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt forslag til inndeling av Utsira nord og Sørliche Nordsjø II i utlysingsområde for fornybar energiproduksjon til havs på høyring.

Etter havenergilova skal det gjennomførast konsekvensutgreiing før område vert opna for fornybar energiproduksjon til havs. I 2012 såg NVE på 15 område i samsvar med havenergilova og publiserte rapporten Havvind - Strategisk konsekvensutredning. Basert på denne utgreiinga, og ei oppdatert vurdering frå 2018, blei områda Utsira Nord og Sørliche Nordsjø II opna ved kongeleg resolusjon 12. juni 2020. Ei opning av område gjer at det kan søkast om konsesjon til fornybar energiproduksjon innanfor området. Som ein del av arealtildelinga i dei to områda, ser departementet behov for å dele områda opp i mindre utlysingsområde. Både Sørliche Nordsjø II og Utsira Nord er større enn det arealet vindkraftutbyggingane vil nytte med dei kapasitetsavgrensingane som ligg til grunn. Departementet bed om tilbakemeldingar på inndelinga som er foreslått i høyringsnotatet.

Vår vurdering

Statsforvaltaren skal mellom anna ivareta viktige miljøomsyn og omsynet til samfunnstryggleik og beredskap. Det er i denne omgang berre inndelinga av områda som er sendt på høyring, og me uttaler oss difor berre til dette temaet. Vidare avgrensar me uttalen til området Utsira Nord sidan sørliche Nordsjø II ikkje ligg innanfor Rogaland sine grenser.

Viktige miljøomsyn

OED viser sjølv i sitt høyringsnotat tilt at det er avgrensa kunnskap om miljøverdiane i områda, spesielt i Utsira Nord. OED føreslår difor ei inndeling i store område som gjev fleksibilitet i plasseringa av vindkraftanlegget i etterkant av den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga slik at det er mogleg å ta naudsynte omsyn til miljøet i konsesjonsprosessen.



Me vil peike på at det å samle tiltaka mest mogleg i dei fleste tilfelle vil innebere fordelar for miljøet, forutsett at ein unngår område med viktige miljøverdiar. Å skaffe til vege eit godt kunnskapsgrunnlag om naturverdiane i området på eit så tidleg stadium som mogleg vil vere ein stor fordel, helst før ein fastsett inndelingsområda.

Ved Utsira nord skal det leggjast til rette for flytande havvind. Viss dette inneber mindre konsekvensar for natur på sjøbotnen, slik at ein er mindre avhengig av å ha detaljert informasjon om desse forholda, bør det vurderast om ein i større grad kan samle tildelingsområda innanfor feltet. Vidare vil med oppmoda om å sjå på moglegheitene for å kartlegge trekktraséar for fugl inn mot Utsira, til dømes med bruk av radar i trekksesongen. Slik dei føreslegne inndelingane er vist, er det ingen opne korridorar ut mot havet, og det kan derfor synast som dei føreslegne inndelingane i liten grad tek i vare fugletrekk inn mot øya. Utan eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag er det vanskeleg å vurdere dette konkret.

Samfunnstryggleik og beredskap

For Utsira nord er det føreslått to ulike alternative inndelingar. Det eine av alternativa forutset avvikling av Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt til havs. I nytt forslag til forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø som var på høyring hausten 2021 var skytefeltet Utsira anbefalt avvikla med føresetnad om at skytefeltet Halten I og II blir etablert. Det er sett vilkår om at det ikkje skal gjevast konsesjon innanfor Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt utan at Forsvarsdepartementet har gitt si tilslutning til at kan gjevast konsesjon. Me forutset at omsynet til skyte- og øvingsfeltet blir avklart i samråd med Forsvarsdepartementet.

Vidare forutset me at den føreslegne inndelinga av området har tatt omsyn til skipstrafikk i området med tanke på å unngå skipsstøyt.

Potensialet for kollisjonar av store og små båtar vil auke. Me kan ikkje sjå at dei ulike områda er utreda med omsyn til kor dei tilgjengelege redningsressursane er, som helikopter, Rednings-selskapet og standby slepebåter. Statsforvaltaren meiner dette bør utredast, slik at konsekvensar av eventuelle ulukker blir så lav som mogleg.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernssjef

Marita Skorpe Falnes
plankoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent